

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Yrkesopplæringsnemnda
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset – Sandsli, Sandslihaugen 30, Bergen
<b>Dato:</b>	10.09.2020
<b>Tid:</b>	12:00 – 15:00

### Dagsorden

Kl. 12:00 – 13:00

Munnlege orienteringar:

- Oppfølging av brev frå opplæringskontor
- Orientering om status inntak og formidling

Kl. 13:00 – 15:00

Sakshandsaming

### Melding om forfall:

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Roger Martin Pilskog

leiar

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 12/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 13/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda den 26.05.2020	2019/130	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 12/20	Informasjon til skulestart hausten 2020	2020/41557	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 14/20	Organisering av fagskulane	2020/36638	
PS 15/20	Lokal forskrift om inntak og formidling	2020/12	

## **Godkjenningssaker**

**GK 12/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

---

**Saksnr:** 2019/130-17**Saksbehandlar:** Merethe Helland Nordnæs

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	13/20	10.09.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda den 26.05.2020

Møtebok frå møtet i yrkesopplæringsnemnda den 26.05.2020 er lagt ved saka.

## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	<b>Yrkesopplæringsnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte/video
<b>Dato:</b>	26.05.2020
<b>Tid:</b>	09:00-10:55

### Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roger Pilskog	Leiar	LO
Ove Kjøllesdal	Nestleiar	NHO
Kari Daltveit	Medlem	LO
Ann-Kristin Kristoffersen	Medlem	NHO
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Björg Simlenes Nguyen	Medlem	Virke
Jasmin Eminovic	Medlem	UNIO
Jill Hellem	Medlem	YS
Lillian Vabø Mongstad	Medlem	Kons.medl.oppl.kont
Kine Bratli Dale	Medlem	Nærna
Sonja Øvre-Flo	Medlem	OppKo
Signe M.K. Birks	Medlem	Lærlingrepr.
Marcus Hansen Våge	Medlem	Elevrepr.

### Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bekka Skaasheim	Assisterande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Linda Farestveit	Seksjonsleiar, seksjon kompetanse, opplæring og kompetanse
Kenth R. Teigen Måren	Seksjonsleiar, seksjon kvalitet/opplæring, oppl. og kompetanse
Kristine Angelsen	Rådgjevar, opplæring og kompetanse
Merethe Helland Nordnæs	Senorrådgjevar/møtesekretær

## Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 10/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 11/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda den 07.05.2020	2019/130	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 11/20	Jobbsjansen	2020/41557	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 11/20	Opplæringstilbodet skuleåret 2020/21 - verknader av koronapandemien	2020/43381	
PS 12/20	Høyrings svar frå Vestland fylkeskommune på NOU 2019:23 Ny opplæringslov	2020/38476	
PS 13/20	Høyringsfråsegn - NOU 2019:25 «Med rett til å mestre»	2020/37506	

## Godkjenningssaker

### GK 10/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

#### Saksprotokoll 26.05.2020 - yrkesopplæringsnemnda

Roger Pilskog, LO, opplyste at han ikkje hadde motteke sak PS 13/20 Høyringsfråsegn - NOU 2019:25 «Med rett til å mestre», som ettersending.

#### Vedtak

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent med merknaden ovanfor.

#### Orientering:

-Status fagopplæring, koronasituasjonen v/ assisterande fylkesdirektør Bekka Skaasheim.

### GK 11/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda den 07.05.2020

Møtebok frå møtet i yrkesopplæringsnemnda den 07.05.2020 er lagt ved saka.

#### Saksprotokoll 26.05.2020 - yrkesopplæringsnemnda

#### Vedtak

Protokollen frå møte i yrkesopplæringsnemnda den 07.05.2020 vart godkjent utan merknader.

## Referatsaker

### RS 11/20 Jobbsjansen

#### Saksprotokoll 26.05.2020 - yrkesopplæringsnemnda

RS 11/20 vart referert.

## Politiske saker

### PS 11/20 Opplæringstilbodet skuleåret 2020/21 - verknader av koronapandemien

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt innanfor sektoren si ramme til å opprette vg3 som alternativ til læreplass ved behov.
3. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ny status og framlegg til konkrete tiltak, oppfølging og økonomiske konsekvensar av koronapandemien i september 2020.

#### Saksprotokoll 26.05.2020 - yrkesopplæringsnemnda

##### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

##### Innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt innanfor sektoren si ramme til å opprette vg3 som alternativ til læreplass ved behov.
3. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ny status og framlegg til konkrete tiltak, oppfølging og økonomiske konsekvensar av koronapandemien i september 2020.

### PS 12/20 Høyringsvar frå Vestland fylkeskommune på NOU 2019:23 Ny opplæringslov

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringsvaret på NOU 2019:23 «Ny opplæringslov», slik det kjem fram av saksutgreiinga.

#### Saksprotokoll 26.05.2020 - yrkesopplæringsnemnda

**Roger Pilskog, LO**, sette på vegner av LO, NHO, YS, UNIO, KS, Virke, medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse, medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, lærlingerepresentant og elevrepresentant fram slikt tilleggforslag:

«Yrkesopplæringsnemnda stør fylkesrådmannens vurderingar og konklusjonar. Yrkesopplæringsnemnda meiner dessutan at:

- Det blir feil å bruke «lærling» om alle som får opplæring i bedrift, då det vil «utvatne» eit godt innarbeidd omgrep. Nemnda meiner at omgrepet lærling berre skal brukast når det er inngått lærekontrakt med fag- eller sveineprøve som mål.
- Klagenemnd for ikkje bestått fag- og svenneprøve bør reguleras i ny lov. Ny lov må og sikra at saker kan løysast på lavast mogleg nivå, difor er det viktig at ein har fylkeskommunal instans for det.

- Lova må syte for at lærebedrifter skal ha eigen kompetanse og produksjon i lærefaget for å kunne godkjennast som opplæringsbedrift.
- styra i opplæringskontora skal ha representasjon frå arbeidstakarsida når deira organisasjonar ber om det.
- Opplæringslova kan ikkje regulera opphøyr av både arbeidsavtale og lærekontrakt, då verksemdar som gjev opplæring er egne rettssubjekt, og lærlingane skal ha samme rettigheter og plikter som ansatte. (forslag § 8-4).»

## Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse

1. Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringssvaret på NOU 2019:23 «Ny opplæringslov», slik det kjem fram av saksutgreiinga.

Yrkesopplæringsnemnda stør fylkesrådmannens vurderingar og konklusjonar.

Yrkesopplæringsnemnda meiner dessutan at:

- Det blir feil å bruke «lærling» om alle som får opplæring i bedrift, då det vil «utvatne» eit godt innarbeidd omgrep. Nemnda meiner at omgrepet lærling berre skal brukast når det er inngått lærekontrakt med fag- eller sveineprøve som mål.
- Klagenemnd for ikkje bestått fag- og svenneprøve bør reguleras i ny lov. Ny lov må og sikra at saker kan løysast på lavast mogleg nivå, difor er det viktig at ein har fylkeskommunal instans for det.
- Lova må syte for at lærebedrifter skal ha eigen kompetanse og produksjon i lærefaget for å kunne godkjennast som opplæringsbedrift.
- styra i opplæringskontora skal ha representasjon frå arbeidstakarsida når deira organisasjonar ber om det.
- Opplæringslova kan ikkje regulera opphøyr av både arbeidsavtale og lærekontrakt, då verksemdar som gjev opplæring er egne rettssubjekt, og lærlingane skal ha samme rettigheter og plikter som ansatte. (forslag § 8-4).

## PS 13/20 Høyringsfråsegn - NOU 2019:25 «Med rett til å mestre»

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringsfråsegna NOU 2019:25 «Med rett til å mestre», slik ho kjem fram av saksutgreiinga.

## Saksprotokoll 26.05.2020 - yrkesopplæringsnemnda

**Roger Pilskog, LO**, sette på vegner av LO, NHO, YS, UNIO, KS, Virke, medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse, medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, lærlingerepresentant og elevrepresentant fram slikt tilleggsforslag:

«Yrkesopplæringsnemnda stør fylkesrådmannens vurderingar og høyringssvar. Yrkesopplæringsnemnda syner til at elevenes psykiske og sosial helse er viktig for ei god gejnnomføring, og at både miljøkoordinatorar og helsesjukepleiarar er viktig i den samanheng.»



## **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.  
Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse**

Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringsfråsegna NOU 2019:25 «Med rett til å mestre», slik ho kjem fram av saksutgreiinga.

Yrkesopplæringsnemnda stør fylkesrådmannens vurderingar og høyringssvar.  
Yrkesopplæringsnemnda syner til at elevenes psykiske og sosial helse er viktig for ei god gejnnomføring, og at både miljøkoordinatorar og helsesjukepleiarar er viktig i den samanheng.

## **Referatsaker**

**RS 12/20 Informasjon til skulestart hausten 2020**

---

**Saksnr:** 2020/41557-14  
**Saksbehandlar** Kenth Rune Teigen Måren  
**Dato:** 17.08.2020

---

---

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda  
Hovudutval for opplæring og kompetanse

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

---

## Informasjon til skulestart hausten 2020

### **Koronasituasjonen**

Folkehelseinstituttet har laga ein trafikklysmoell med raudt, gult og grønt nivå som viser kva smitteverntiltak skulane skal følgje. Felles for alle nivåa er at ingen skal møte på skulen dersom dei er sjuke. [Meir om nivåinndeling av smitteverntiltaka](#)

Skulane skal følgje gult nivå. Det vil seie at heile skuleklassar kan vere samla, og alle elevar skal ha eit fulltidstilbod på skulen. Elevar som er avhengige av skuleskyss, skal få den skyssen dei treng for å kome seg til og frå skulen.

Skuleeigar må ha planar for overgang til raudt tiltaksnivå dersom det blir naudsynt.

### **Elevar i risikograppa**

Elevar som er i risikogrupper, eller som har nær familie i risikogrupper, skal få tilbod om opplæring heime.

### **Føring av fråvær**

Frå hausten skal skulane føre fråvær på vitnemål og kompetansebevis, og fråværsgransa gjeld som normalt frå skulestart.

### **Nytt frå utdanningsdirektoratet**

#### **Nye læreplanar**

Frå august gjeld ny overordna del av læreplanverket for heile grunnopplæringa.

Nye læreplanar for fag i vidaregåande opplæring blir innført trinnvis over ein periode på tre år.

- 2020-2021: Vg1 tek i bruk nye læreplanar frå skulestart 2020
- 2021-2022: Vg2 tek i bruk nye læreplanar frå hausten 2021
- 2022-2023: Vg3 tek i bruk nye læreplanar frå hausten 2022

[Sjå nye læreplanar for gjennomgåande fag i vidaregåande opplæring](#)  
[Sjå nye læreplanar for Vg1 yrkesfag](#)

### Nye namn på utdanningsprogram

Elektrofag endrar namn til *elektro og datateknologi* og teknikk og industriell produksjon endrar namn til *teknologi- og industrifag*. Dei nye namna viser betre kva innhald utdanningsprogramma har, slik at det er tydelegare både for elevar og arbeidsliv.

### Yrkesfagleg fordjuping (YFF)

Yrkesfagleg fordjuping skal gje elevane moglegheit til å fordjupe seg i kompetansemål frå læreplanane på Vg3-nivå, og gje dei høve til å prøve ut eitt eller fleire aktuelle lærefag.

For inneverande skuleår skal elevar på Vg1 i YFF-faget følgje dagens forskrift og læreplanar. Dette fordi nye læreplanar for Vg2 og Vg3 fyrst vil vere klare til skuleåret 2021-2022.

### Støtte til nye læreplanar

Udir har utvikla støtte til å ta i bruk dei nye læreplanane. [Meir om støtte til nye læreplanar](#)

### Opplæringsmodell for ambulansefaget blir vidareført

Kunnskapsdepartementet har i samråd med Helse- og omsorgsdepartementet vedteke at opplæringsmodellen for ambulansefaget blir vidareført i med hovudmodellen to års opplæring i skule og to års opplæring i bedrift.

### Eksamen og prøver

For skuleåret 2020 – 2021 skal alle elevar følgje nye læreplanar på Vg1 studieførebuande og yrkesfagleg utdanningsprogram. Våren 2021 vil elevane bli trekt til eksamen etter nye læreplanar. [Overgangsordningane som gjeld mellom nye og gamle læreplanar finn du her](#)

## **Regelverk**

### Mellombelse reglar om inntak til friskular 2020

Det er opna opp for at friskular kan ta inn fleire søkarar enn det skulen er godkjent for:

- Søkarar som har vore avgangselevar på Vg3 ved den aktuelle friskulen våren 2020, og som ikkje har bestått eitt eller fleire fag.
- Søkarar som tidlegare har vore elevar ved skulen og som er ferdig med læretid våren 2020, men ikkje har oppnådd fag- og eller sveinebrev.
- Søkarar som er permitterte eller arbeidsledige.

**Politiske saker**

**PS 14/20 Organisering av fagskulane**

---

**Saksnr:** 2020/36638-3**Saksbehandlar:** Per Willy Mørk Karlsen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	14/20	10.09.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		16.09.2020
Fylkesutvalet		17.09.2020
Fylkestinget		29.09.2020

## Organisering av fagskulane

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek framlegg til mandat for prosjektstyret for Fagskulen i Vestland
2. Prosjektstyret skal bestå av 9 medlemmar :
  - 4 folkevalde eigarrepresentantar
  - 2 arbeidslivsrepresentantar
  - 1 administrativ eigarrepresentant
  - 1 studentrepresentant
  - 1 tilsettrepresentant
3. Fylkestinget gjer val av medlemmar og varamedlemar som eigarrepresentantar etter innstilling frå valnemnda.
4. Fylkestinget gjev fylkesrådmann fullmakt til å oppnemne 1 medlem og 1 varamedlem som administrative eigarrepresentantar til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland.
5. Fylkestinget gjev fylkesrådmann fullmakt å oppnemne 2 medlemmar og 1 varamedlem som representantar for regionalt arbeidsliv til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland.
6. Fylkestinget vel leiar og nestleiar etter innstilling frå valnemnda.
7. Fylkestinget vedtek framlegg til vedtekter for prosjektstyre for Fagskulen i Vestland.

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til samrøystes vedtak i fylkestinget i sak om organisering av fagskulane, saksnr. 2020/36638/2, PS 70/2020, 09.–10.06.2020.

1. Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland vert ei eining frå 01.01.2022.

2. Prosjektnamnet Fagskulen i Vestland blir nytta i omstillingsprosessen.
3. Fylkestinget nemner opp eit prosjektstyre og vedtek mandat for samanslåinga til Fagskulen i Vestland, 29.09.2020

I tråd med vedtaket legg fylkesrådmannen fram framlegg til mandat, samansetting og vedtekter for prosjektstyret for Fagskulen i Vestland.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget gjorde samrøystes vedtak i sak om organisering av fagskulane, saksnr 2020/36638/2, PS 70/2020, saksprotokoll, 09. – 10.06.2020.

1. Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland vert ei eining frå 01.01.2022.
2. Prosjektnamnet Fagskulen i Vestland blir nytta i omstillingsprosessen.
3. Fylkestinget nemner opp eit prosjektstyre og vedtek mandat for samanslåinga til Fagskulen i Vestland 29.09.2020.

I saka om organisering av fagskulane i Vestland vert det peika på at den nasjonale satsinga og oppgraderinga av høgare yrkesfagleg utdanning gjev forventningar om ei kraftig utvikling av fagskulen. Kunnskapsdepartementet har m.a. gjeve NOKUT i oppdrag å vurdere innplassering av fagskuleutdanningane på nivå 6 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) tilsvarende den plasseringa bachelor-utdanninga har i dag.

Vestland er eit av dei største vare- og tenesteproduserande fylka innan sektorar som dei maritime og marine, olje og gass, landbasert prosessindustri, bygg og anlegg, og helse og oppvekst. Desse sektorane vil ha eit klart aukande behov for å få tilført høgare yrkesfagleg kompetanse og utgjør soleis eit grunnlag og eit potensiale for den nye fagskulen.

Det føreståande prosjektet om samanslåing av dei to fagskulane vil gje Vestland fylkeskommune den største fagskulen i landet. Prosjektet skal gje fylkeskommunen ein utdanningsinstitusjon som fagleg og administrativt kan tilfredsstillere nasjonale forventningar til den nye fagskulen, og kan gje eit studietilbod som både møter etterspurnaden etter kompetanse frå arbeidslivet i Vestland og samstundes er ein utviklar av ny kompetanse gjennom utdanning og samhandling med dei ulike sektorane.

### Framlegg til mandat for prosjektstyret

Til grunn for mandatet for prosjektstyret ligg Fylkestingets vedtak om å slå saman noverande to offentlege fagskular i Vestland til ein ny tenleg skule for høgare yrkesfagleg utdanning i regionen.

Fylkestinget gjer slikt vedtak til mandat for prosjektstyret for Fagskulen i Vestland:

Prosjektstyret skal etablere ein samla fagskule for Vestland fylke som bygger på noverande Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland.

Den nye fagskulen skal fullt ut vera i samsvar med «Lov om høgere yrkesfaglig utdanning» / fagskulelova, av 08.06.2018, og skal syte for at fylkeskommunen skal kunne tilby akkreditert fagskuleutdanning i samsvar med behovet for høgare yrkesfagleg kompetanse i Vestland.

Prosjektstyret skal i prosjektperioden handsame saker som vedkjem den nye eininga m.a.: Tilsette prosjektrektor, tilsette rektor, utforme tilbudsstrukturen for 2022 / 2023, fastsette forskrift om opptak og rangering, eksamen, disiplinære sanksjonar, klagehandsaming og skikkavurdering, og fatte vedtak om eventuelle vesentlege endringar i studieplanar som skal godkjennast av NOKUT. Nye lokale forskrifter må vere sendt på open høyring og vedteke av prosjektstyret før samanslåinga trer i kraft. Forskriftene skal offentleggjerast i Norsk Lovtidend. Til slutt må prosjektstyret også vedta eit kvalitetssystem for den nye fagskulen som skal bidra til å undersøkje og sikre kvaliteten ved utdanningane ved fagskulen.

Følgjande grunnprinsipp vert lagt til grunn:

- Studentane skal møte ei opplæring med høg kvalitet
- Fagskuleutdanninga skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar
- Fagskuleutdanninga skal bidra til regional kompetanseutvikling og vekstkraftige lokalsamfunn i samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv

Den nye fagskulen skal vere operativ frå 01.01.2022. Prosjektstyret skal seinast avslutte sitt arbeid 31.12.2021, eller når nytt styre for den nye fagskulen er oppnemnd.



## Framlegg til prosjektstyre

Prosjektstyret skal bestå av 9 medlemmer fagskulelova :

- 4 folkevalde eigarrepresentantar
- 2 arbeidslivsrepresentantar
- 1 administrativ eigarrepresentant
- 1 studentrepresentant
- 1 tilsettere representant

Fylkestinget gjer val av medlemmar og varamedlemar som eigarrepresentantar etter innstilling frå valnemnda.

Fylkestinget gjev fylkesrådmann fullmakt til å oppnemne 1 medlem og 1 varamedlem som administrative eigarrepresentantar til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland.

Fylkestinget gjev fylkesrådmann i fullmakt å oppnemne 2 medlemmar og 1 varamedlem som representantar for regionalt arbeidsliv til prosjektstyret for Fagskulen i Vestland

Fylkestinget vel leiar og nestleiar etter innstilling frå valnemnda.

### Vurdering til grunn for samansetjing av prosjektstyret

Prosjektstyret består av ni medlemmar som også er talet på medlemmar i styra for dagens to fagskular, i samsvar med fagskulelova § 10. Det vil vere føremålstenleg om prosjektstyret primært rekrutterer medlemmar frå dagens to styre både ut frå behovet for fagskulekompetanse inn prosjektstyret, og ut frå omsyna til informasjonsflyt mellom prosjektstyret og fagskulestyra ved dei to fagskulane. Samansettinga av prosjektstyret med 4 eigarrepresentantar og 2 medlemmar frå arbeidslivet opnar for ein tenleg representasjon frå dei to fagskulestyra. Tilstrekkeleg forankring av representasjonen frå tilsette og studentar kan sikrast ved at valt tilsettere representant får personleg varamedlem frå skulen som ikkje er direkte representert, og tilsvarande for representasjonen frå studentane. Det samla talet på 9 medlemmar i prosjektstyret kan soleis balansere omsyna til representasjon og til eit handlekraftig tal styremedlemmer for oppgåva.

## **FRAMLEGG TIL VEDTEKTER FOR PROSJEKTSTYRET FOR FAGSKULEN I VESTLAND**

### 1 PROSJEKTSTYRET SIN LEGITIMITET, VIRKEOMRÅDE, SAMANSETNING OG OPPNEMNING

#### §1-1 Lovgrunnlaget – relasjonen mellom skuleeigar og styret

- 1) Fagskular er underlagt lov av 08.06.2018 om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) samt andre aktuelle lover, forskrifter og reglement som gjeld for offentlege verksemder.
- 2) Vestland fylkeskommune ved fylkestinget er den formelle eigar av Fagskulen i Vestland. Fylkestinget treff vedtak som skuleeigar om ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.
- 3) Fagskulelova §§ 9 og 10 stadfester at fagskular skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan med minst sju medlemmar.
- 4) Skuleeigar skal utøve eigarskap på tre måtar
  - a) Val av styremedlemmar og eventuelt avsetting av styret.

- b) Finansiering
- c) Styret sine vedtekter

### § 1-2 Samansetning og oppnemning av prosjektstyret

- 1) Styret vert oppnemnt av fylkestinget og skal ha 9 medlemar med denne samansettinga: 4 folkevalde eigarrepresentantar, 2 arbeidslivsrepresentantar, 1 administrativ eigarrepresentant, 1 medlem skal vere valt av dei tilsette, og 1 medlem skal vere valt av studentane. Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane. Det skal vere minst eit varamedlem for medlemane frå arbeidsliv, og minst eit varamedlem for dei andre medlemane.  
Fylkestinget vel eigarrepresentantar med leiar og nestleiar. Fylkesrådmannen får i fullmakt å oppnemne representantar frå arbeidsliv og den administrative eigarrepresentanten.

### § 1-3 Vedtaksført styre og gjennomføring av styremøte

- 1) Styret kan fatte vedtak når meir enn halvparten av medlemane eller tilsvarende mange varamedlemar er til stades og avgjev stemme. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal om ikkje anna er fastsett i fagskulelova i høve til einskilde saker. Ved likt tal på stemmer avgjer møteleiar med dobbelstemme.
- 2) Styremøta vert leia av styreleiar. Om ikkje styreleiar er til stades utpeikar styret ein møteleiar (jf. fagskulelova § 11 tredje ledd).
- 3) Styret vert kalla inn av styreleiar eller når minst to styremedlemar krev det.
- 4) Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal godkjennast av styreleiar før den vert publisert og godkjennast av styret i det påfølgjande møtet.
- 5) Styremedlemane er omfatta av arbeidsvilkår for folkevalde og får møtegodtgjersle jf. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde.

## 2 STYRET SITT ANSVAR, MYNDE OG OPPGÅVER

### § 2-1 Oppgåver og mynde

Prosjektstyret skal etablere ein samla fagskule for Vestland fylke som bygger på noverande Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland.

Den nye fagskulen skal fullt ut vere i samsvar med «Lov om høgere yrkesfaglig utdanning» / fagskulelova, av 08.06.2018, og skal syta for at fylkeskommunen skal kunne tilby akkreditert fagskuleutdanning i samsvar med behovet for høgare yrkesfagleg kompetanse i Vestland.

Prosjektstyret skal i prosjektperioden handsame saker som vedkjem den nye eininga ma: Tilsette prosjektretor, tilsette rektor, utforme tilbudsstrukturen for 2022 / 2023, fastsette forskrift om opptak og rangering, eksamen, disiplinære sanksjonar, klagehandsaming og skikkavurdering, fatte vedtak om eventuelle vesentlege endringar i studieplanar som igjen skal godkjennast av NOKUT. Nye lokale forskrifter må vere sendt på open høyring og vedteke av prosjektstyret før samanslåinga trer i kraft. Forskriftene skal offentleggjerast i Norsk Lovtidend. Til slutt må prosjektstyret også vedta eit kvalitetssystem for den nye fagskulen som skal bidra til å undersøkje og sikre kvaliteten ved utdanningane ved fagskulen.

Følgjande grunnprinsipp vert lagt til grunn:

- Studentane skal møte ei opplæring med høg kvalitet
- Fagskuleutdanninga skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar
- Fagskuleutdanninga skal bidra til regional kompetanseutvikling og vekstkriftige lokalsamfunn i samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv

Den nye fagskulen skal vera operativ, 01.01.2022. Prosjektstyret skal seinast avslutta sitt arbeid, 31.12.2021, eller når nytt styre for den nye fagskulen er oppnemnd.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Det vil vere behov for at fylkesrådmannen tilfører naudsynete ressursar til prosjektet

**Klima:** Kompetanseutvikling som byggjer på prinsipp om berekraftig forvaltning av ressursar er sentralt for å oppfylle målet om å sikre ei berekraftig regional næringsutvikling

**Folkehelse:** Det er ei sterk positiv samanheng mellom utdanning og helse

**Regional planstrategi:** Eit velutvikla utdanningstilbod innan høgare yrkesfagleg utdanning er eit sentralt verkemiddel i den regionale kompetansepolitikken

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	15/20	10.09.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		16.09.2020
Fylkesutvalet		17.09.2020
Fylkestinget		29.09.2020

## Lokal forskrift om inntak og formidling

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtar framlegg til lokal forskrift for inntak og formidling for Vestland fylkeskommune, datert 19.08.2020
2. Fylkestinget vedtar nærskulematrise for Vestland fylkeskommune, datert 19.08.2020

### Samandrag

Fylkesrådmannen legg med dette fram nytt forslag til lokal forskrift for inntak og formidling i Vestland fylkeskommune. Inntaksmodellen er basert på prinsippa vedtatt i fylkestinget 8.6.2020.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Vedlegg 1- Lokal forskrift om inntak og formidling
- 2 Vedlegg 2 - Nærskulematrise
- 3 Vedlegg 3 - Inntak til vg1 idrettsfag

## Saksutgreiing

### 1. Oppsummering av fylkesrådmannen sitt framlegg:

- Inntaksmodellen i Vestland fylkeskommune er ein nærskulemodell. Alle elevane er knytt til eit nærskuleområde ut frå heimkommune (i nokre tilfelle av tildeling etter postnummer).
- Alle søkarane kan søke seg til alle skulane i fylket, men får nærskulepoeng (tilleggs-poeng) berre til nærskule (-ar) etter folkeregistrert kommune.
- Til alle utdanningsprogram/programområde nærskulen (-ane) ikkje har tilbod om, får søkaren nærskulepoeng til alle skulane i fylket.
- Etter at søkarar med nærskulepoeng er tatt inn konkurrerer søkarar utan nærskulepoeng om ledige plassar ved skulane
- Dersom det er fleire søkarar med nærskulepoeng enn plassar ved eit tilbod, vil søkarar som ikkje konkurrerer seg inn, få tilbod ved anna skule enn nærskulen. Med nærskuleprinsipp er heimkommune første sorteringskriterium og karakterane andre sorteringskriterium.
- I studieførebuande utdanningsprogram blir det rett til oppflytting til vg2 og vg3.
- I yrkesfaglege utdanningsprogram blir det karakterbasert inntak til vg2 og vg3.
- Resultat av rett til oppflytting i studieførebuande utdanningsprogram og karakterbasert inntak i vg2 og vg3 yrkesfag, er at nærskuleinntak gjeld vg1.

Dei resterande paragrafane i lokal forskrift for inntak og formidling er i tråd med førre sak og blir lagt fram utan omtale.

### 2. Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Vestland vedtok i møte 17.12.2019 (FT-sak 27/19) å sende sak om lokal forskrift om inntak- og formidling for Vestland fylkeskommune ut på høyring.

Hovudutval for opplæring og kompetanse handsama i møte 13.5.2020 (PS-sak 20/2020) sak om lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune, og tilrådde fylkestinget å gjere vedtak om nærskuleprinsipp som inntaksmodell i Vestland fylkeskommune. Fylkesutvalet gjorde i møte 8.6.2020 (PS-sak 130/2020) nokre presiseringar i tilrådinga frå hovudutvalet, og vedtaket frå fylkestinget (PS-sak 68/2020) lyder slik:

1. Fylkestinget meiner framtidig inntaksmodell i Vestland fylkeskommune skal bygge på følgjande prinsipp:

- Alle elevar skal ha rett til å gå på ein skule nær der dei bur.
  - Alle elevar skal og ha rett til å søke seg til andre skular i Vestland dersom dei ynskjer det.
  - Inntaket skal ikkje vere reint karakterbasert.
  - Ingen elevar skal, ufrivillig, ha urimeleg lang reiseveg. Difor skal elevar som mot si vilje får skuleplass langt unna heimstaden sin prioriterast ved inntak på ein skule som ligg nærare heimstaden til eleven.
  - Alle elevar skal ha rett til å fullføre utdanninga si på den skulen dei startar på der dette er mogeleg. Det skal altså vere rett til oppflytting frå vg1-vg2 og frå vg2-vg3 på studieførebuande program. For dei yrkesfaglege utdanningsprogramma kan det vere vanskeleg å oppfylle retten til oppflytting. Difor ber utvalet administrasjonen legge fram forslag til korleis ein kan sikre best mogeleg rett til oppflytting.
2. Rådmannen skal utarbeide eit inntakssystem basert på desse prinsippa, og ny inntaksmodell skal komme til politisk behandling. Rådmannen bes spesielt sjå til Agder fylkeskommune for å vurdere om heile eller delar av deira inntakssystem er i tråd med prinsippa som er slått fast i dette vedtaket. Saksordførar skal følge saka vidare.

På bakgrunn av vedtaket i fylkestinget legg fylkesrådmannen her fram ny tilråding til forskrift for inntak og formidling, der inntaksmodellen bygger på nærskuleprinsippet. Søkarane blir prioriterte ut frå bustadkommune, dersom utdanningsprogrammet/ programområdet finst ved nærskulen.

I framlegget fylkestinget sende på høyring i januar 2020 var dei tre ulike inntaksmodellane utgreidd: fritt skuleval, inntaksområde og nærskuleprinsipp. Høyringsinstansane har på den måten fått

informasjon om, og høve til å uttale seg om den inntaksmodellen som her vert lagt fram. Det var soleis ikkje behov for ny høyringsrunde.

### 3. Opplæringslova og tilhøyrande forskrift

Ungdommane sin rett til vidaregåande opplæring er definert i opplæringslova § 3-1. Her heiter det mellom anna at «Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring.» Vidare seier same paragraf at søkarar har rett til inntak til eitt av tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 som dei har søkt på, og til to år vidare opplæring innanfor utdanningsprogrammet. Søkarar har ikkje rett til inntak ved ein bestemt skule.

Rangering av søkarar er omtalt i kapittel seks i forskrift til opplæringslova. Her er omtalt kva vilkår som kan gi søkarar fortrinnsrett i inntaket, eller rett til å bli handsama individuelt.

For alle andre søkarar gjeld at ein konkurrerer med sine karakterpoeng.

Paragraf 6-2 i forskrift til opplæringslova seier vidare at fylkeskommunen skal fastsette lokal forskrift om inntak. Denne skal innehalde regler om korleis inntak vert gjennomført, for eksempel inntaksområde, kva for utdanningsprogram det er fastset spesielle inntakskrav for, og inntak til landslinjer. § 6A-2 seier at fylkeskommunen skal fastsette lokal forskrift om formidling, og at lokal forskrift om inntak og formidling kan inngå i same forskrift.

Fylkesrådmannen legg fram ei felles forskrift for inntak og formidling.

### 4. Prinsipp for opplæringssektoren

I arbeidet fram mot etablering av Vestland fylkeskommune låg desse tre prinsippa til grunn for alle prosjekta i sektoren for opplæring og kompetanse:

1. Elevar og lærlingar skal møte ei opplæring med høg kvalitet
2. Den vidaregåande opplæringa skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar
3. Den vidaregåande opplæringa skal bidra til gode og vekstkraftige lokalsamfunn og sterke by- og senterområde gjennom mellom anna eit breitt og likeverdig opplæringstilbod

I arbeidet med saka har fylkesrådmannen hatt med desse prinsippa som del av vurderingsgrunnlaget i utforminga av nærskuleområda. Til punkt 1, kvalitetsomgrepet er komplekst, men det er ikkje berre karakterane som er mål for kvalitet i opplæringa. I formålsparagrafen til opplæringslova (§ 1-1), står mellom anna: «Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet». For elevar som vel studieførebuande utdanningsprogram vil det bety å gjere dei studieførebudde. For elevar som vel yrkesfag er det viktig at dei får ei utdanning det er behov for, slik at dei kan finne sin plass i arbeids- og næringslivet, lokalt eller regionalt. Prinsippet om at opplæringa skal bidra til berekraftig forvaltning av ressursar har konsekvensar for utnytting av kapasiteten ved skulane. Det betyr skule- og tilbodsstrukturar som utnyttar klasserom, verkstader og personellressursane best mogeleg.

Det tredje og siste prinsippet er viktig for å fortsette å ta heile Vestland fylke i bruk, og for å halde oppe målsettinga om eit breitt og likeverdig opplæringstilbod. Likeverdig tilbod kan likevel ikkje bli *likt* tilbod ved alle skulane - til det er søkargrunnlag og næringsstruktur i ulike delar av fylket for ulikt.

Delprosjekt 1.5 - Tilbodsstruktur viste kva programområde på vg2 som er størst i omfang i dei fire største yrkesfaglege utdanningsprogramma. Tala er frå dei to tidlegare fylka, men situasjonen er ikkje endra. Oversikta viser programområda med størst søking, dvs. at god tilgang til desse tilboda vil gi «likeverdige tilbod» for ein stor del av søkarane våre.

Utdanningsprogram	Programområde på vg2	Dei største programområde sin del av søkinga i utdanningsprogrammet
Bygg- og anleggsteknikk	Byggteknikk	50-60% i begge fylka
Elektrofag	Elenergi	50 % i Sogn og Fjordane, 70% i Hordaland
Helse- og oppvekstfag	Helsearbeidarfag	40-50% i begge fylka
Teknikk og industriell produksjon	Køretøy Industriteknologi	25-30% i Sogn og Fjordane, 20-25% i Hordaland 30-33% i begge fylka

## 5. Omtale av nærskule som inntaksmodell og føresetnader som ligg til grunn for framlegget

Inntaksmodellen som fylkesrådmannen legg fram bygger på eksisterande skule- og tilbodsstruktur. Over tid vil nok søkemønster i dei ulike nærskuleområda endre tilbodsstrukturen noko, og gi enno betre tilpassing til behov i lokalt- og regionalt arbeids- og næringsliv.

Modellen bygger på følgjande prinsipp:

- 1) Alle søkarane kan søke seg til alle skulane i fylket, men får nærskulepoeng ( tilleggspoeng) til nærskule (-ar) etter folkeregistrert kommune slik det går fram av nærskulematrisen i vedlegg 1.
- 2) Til alle utdanningsprogram/programområde nærskulen (-ane) ikkje har tilbod om, får søkaren nærskulepoeng til alle skulane i fylket. Med dette prinsippet vil søkarar som må flytte på hybel, fordi dei søker seg til utdanningsprogram/programområde som ikkje eksisterer i nærskuleområdet, kunne søke seg til område i Vestland fylke der dei har familie eller venner.
- 3) Til ledige plassar, etter at søkarar med nærskulepoeng har fått plass, konkurrerer søkarar utan nærskulepoeng med sine karakterpoeng. I dei fleste skulane i nærskuleområda vil det være nokre ledige plassar etter at søkarane i gjeldande nærskuleområde er tatt inn. Til desse plassane konkurrerer søkarar, også utan ungdomsrett, frå andre nærskuleområde i Vestland fylkeskommune og søkarar frå andre fylke. Alle konkurrerer med sine karakterpoeng.
- 4) Dersom det er fleire søkarar med nærskulepoeng enn plassar ved eit tilbod, vil søkarar som ikkje konkurrerer seg inn, få tilbod ved anna skule enn nærskulen. Det er urealistisk at ein får fullt samsvar mellom resultatet av søkinga og tilgjengeleg tilbod i nærskuleområda. Det vil også med denne inntaksmodellen være søkarar som ikkje får inntak ved skule/ tilbod dei har prioritert, og som må få lovfesta tilbod utanfor nærskuleområdet. Med val av nærskulemodell er geografi første sorteringskriterium ved inntak, og karakterpoeng er neste sorteringskriterium. Det er eit mål at tal søkarar som ufrivillig får tilbod utanfor eige nærskuleområde blir så lågt som mogeleg.

Dei fire prinsippa over er alle i tråd med vedtatt modell i Agder fylkeskommune.

Fylkesrådmannen ser at det også er svært viktig at inntaksmodellen som blir vedtatt må vere utforma slik at den er enkel å forstå for brukarane våre, i første rekke søkarar, føresette og rådgivarar. I tillegg bør den vere enkel å kommunisere til dei ulike brukargrubbene, dvs. den bør bli oppfatta som logisk og rettferdig.

Reisetid- skyss

Fylkesrådmannen har også vurdert søkar- og inntaksmønster, reisetid og mobilitet som grunnlag for framlegget. Det har vore ei viktig målsetting å kunne gi eit breitt og likeverdig tilbod og samtidig unngå ufrivillig lang reiseveg.

Skule- og tilbodsstrukturen i Vestland fylkeskommune er resultat av mange og samansette politiske prioriteringar over lang tid. Søkemønsteret og elevmobilitet er noko ulikt, avhengig av geografi og skuletilbod.

I prosjektarbeidet som grunnlag for Vestland fylkeskommune oppsummerte fylkesrådmannen inntaksmodell og elevmobilitet slik: (frå sluttrapport for delprosjekt 1.5 Tilbodsstruktur):

### Inntaksmodell og elevmobilitet i Sogn og Fjordane og Hordaland

Begge fylkeskommunane har i dag ein karakterstyrt inntaksmodell med heile fylket som inntaksområde - ofte kalla fritt skuleval. Dette inneber at søkarane konkurrerer om skuleplassar på bakgrunn av karakterpoeng. Søkarane konkurrerer då i prinsippet om alle skuleplassane i fylket. I praksis vil likevel skule- og tilbodsstrukturen i stor grad styre kvar ungdommane ønskjer å gå på skule.

Tal frå Sogn og Fjordane viser at dei fleste søker seg til næraste skule. Om lag halvparten av søkarane søker same skule på første og andre ønske, medan halvparten prioriterer same programområde ved fleire skular.

I Hordaland er det eit skilje mellom stor-Bergen og resten av fylket. Utdanningsvalet til søkarane i Bergen og omlandskommunane er i stor grad styrt av kva utdanningsprogram dei ønskjer å gå på. Dei søker gjerne eitt eller fleire prioriterte utdanningsprogram både på næraste skule og skular i stor-Bergen. Elles i fylket er situasjonen litt annleis. Søkarane tenderer då først mot å prioritere utdanningsprogram på næraste skule eller ein annan skule i regionen. Som alternativt val, om dei ikkje kjem inn på førstevalet, prioriterer søkarane å søkje eit anna utdanningsprogram på ein skule i same region. Mobiliteten er altså monaleg større i stor-Bergen enn i resten av fylket.

Bergen står i ei særstilling når det gjeld demografi og infrastruktur med halvparten av innbyggjarane i Hordaland. Bergen har i tillegg folkerike omlandskommunar, der mange søkarar historisk sett vel å søkje seg til skular i Bergen.

Det er tydelege reisemønster frå omlandskommunane med tanke på jobb og skule, og det er god kommunikasjon til og frå Bergen. Skuletettleik og god kommunikasjon mellom bydelane og omlandskommunane gjer at søkarane søker skule på tvers av bydelar og kommunegrenser. Elevane busette i Bergen kommune vil ha tilgang til alle utdanningsprogram innan ein time reiseveg kvar veg. Dette gjeld og for svært mange søkarar busett i dei folkerike kommunane som grensar opp mot Bergen.

Denne analysen har ikkje endra seg som følge av fylkessamanslåinga, og ligg difor som grunnlag for utarbeiding av dette framlegget. I fylkesrådmannen sitt framlegg er Vestland fylkeskommune delt inn i åtte ulike nærskuleområde, og elevane vil høyre til nærskuleområde ut frå bustadkommune. Nærskuleområda er av varierende storleik med omsyn til tal kommunar, skular og elevgrunnlag.

I vedtaket frå fylkestinget er eit av prinsippa som følger «Difor skal elevar som mot si vilje får skuleplass langt unna heimstaden sin prioriterast ved inntak på ein skule som ligg nærare heimstaden til eleven.»

Til dette punktet ligg det ei avveging av i kor stor grad prinsippet skal ligge til grunn for dimensjonering av plasstal, lokalt arbeidsliv sitt behov for kompetanse, oppfyllingsgrad lokalt og regionalt. I tillegg vil bygningsmessige høve påverke kva skulane har kapasitet til av tilbod og plassar.

Alternativ for søkarar som ikkje konkurrerer seg inn på nærskulen er:

- a. Rett til tilbod ved nærskulen likevel (auke plasstalet ved skulen)
- b. Rett til tilbod ved anna skule

Alternativ a) vil skape eit behov for større fleksibilitet med omsyn til plasstal. Truleg vil det vere behov for å kunne gå over norma på 15/30 elevar i kvar klasse. Økonomisk vil dette kunne vere krevjande i og med at skulane får ressursar per klasse, i motsetnad til per elev.

Alternativ b) vil kunne gi ein betre balanse mellom søkarar og plasstal, fylkeskommunen vil kunne ha eit betre verktøy til å treffe arbeidslivet sitt behov for kompetanse og det vil gi betre ressursutnytting gjennom at klassar i større grad blir fylt opp.

Fylkesrådmannen si vurdering er at det vil vere aktuelt å bruke ein kombinasjon av alternativ A og B for å gi tilbod til alle søkarane med rett til skuleplass. Dette vil også i framtida vere del av arbeidet med justering av opplæringstilbodet.

Spørsmål om reisetidsgaranti har vore ein aktuell problemstilling. Dette er eit prinsipp det er enklare å vedta enn å gjennomføre. Grunnen til at ein søkar ikkje får tilbod ved ønska skule, er at skuletilbodet er fullt, av søkarar med høgare poengsum. Framlegget til nærskulematrise har



tilstrekkeleg fleksibilitet ut frå eksisterande skule- og tilbodsstruktur, med kapasitet til å gi majoriteten av søkarane tilbod i eige nærskuleområde.

Einaste reelle måten å syte for at alle får tilbod der dei ønsker, er å ha kapasitet i opplæringstilbodet til å dekke alle ønska. Slik dimensjonering vil også gi oss overkapasitet, med dei økonomiske konsekvensane det har.

### **6) Tilbod som ikkje inngår som nærskuletilbod, men der alle søkarane konkurrerer på like vilkår med sine karakterpoeng:**

I den vidaregåande skulestrukturen er det nokre tilbod som er såpass spesielle at det ikkje er føremålstenleg å ha dei som del av inntak etter nærskuleområde. Det gjeld:

#### a) Yrkes- og studiekompetanse (YSK):

YSK-modellen gir i løpet av fire år både studiekompetanse og fagbrev. Tilbodet er smalt og fagleg krevjande, og bedriftene vel kven dei ønskjer å tilsette. Tilbodet er difor lokalisert til få skular.

#### b) Utanlandstilbod

Vestland fylkeskommune tilbyr elevar frå heile Vestland eit kompetansegivande vg2-tilbod i utlandet. Tilboda blir administrert av ein av skulane, som har ansvaret for oppfølging gjennom skuleåret. Ved inntak til vg3, året etter vg2 i utlandet, vil ein så langt som mogeleg prøve å finne elevplass ved same skule som ein gikk vg1 i Norge.

#### c) International baccalaureate (IB)

International Baccalaureate er eit krevjande studium for målretta elevar. Undervisningsspråket er engelsk, og det blir stilt høge krav til sjølvstendig arbeid og refleksjon. I dag er det Bergen katedralskole som har tilbodet. I tillegg kjøper VLFK plassar ved UWC i Fjaler. Det er ikkje føremålstenleg å utvide tilbodet, og må då vere søkbart for alle søkarane.

#### d) Utdanningsprogrammet naturbruk

Utdanningsprogrammet naturbruk er i seg sjølv ikkje spesielt og alle elevane har felles programfag på vg1, før dei spesialiserer seg i «blå» eller «grøn» retning på vg2. Det er høve til å legge ulik vekt på kompetansemåla på vg1 og slik gi godt grunnlag for spesialiseringa på vg2. Grunna denne spesialiseringa og føresetnader som bør ligge til grunn for at skulane skal gi ei god opplæring, bør dette vere tilbod der søkarane søker på like vilkår. Det vil ikkje vere føremålstenleg å ha desse tilboda representerte i alle inntaksområda, både på grunnlag av kva kompetanse som er etterspurt i områda, og på bakgrunn av dei økonomiske kostnadane ved utvikling og drift av tilboda.

### **7) Innfasing av nærskulemodellen med vg1 frå 2021/22 og vg2 frå 2022/23**

Fylkesrådmannen tilrår at inntaksmodellen blir fasa inn, med implementering av endringar på vg1 frå og med skuleåret 2021/22, for vg2 frå skuleåret 2022/23 og for vg3 frå skuleåret 2023/24.

Grunngivinga for å implementere endringane for vg2 og vg3 høvesvis eitt og to år seinare enn vg1, er fleire. Elevar som går på studieførebuande har i dag rett til oppflytting på skulen dei går på. Ved å utsetje implementering på vg2 og vg3, vil det sikre at desse elevane får fullføre opplæringa på den skulen dei er elev på. Ved tidleg implementering på vg2- og vg3-nivå kan ein konsekvens vere at elevane må byte skule, då dei t.d. går på ein skule som ikkje er definert innanfor eige inntaksområde. Samstundes vil det gi ei meir føreseieleg dimensjonering av desse nivåa i dei årlege sakane om opplæringstilbod.

Elevane på yrkesfag vil ikkje bli råka på same måte, då fylkesrådmannen tilrår at det ikkje blir oppflytting frå vg1 til vg2 på yrkesfag. Ved å utsetje innføring av nærskuleområda på vg2 yrkesfag til 2022/23, vil det likevel gi eit føreseieleg opplæringsløp for elevane, og ikkje skape unødig usikkerheit om rettane elevane som allereie har starta eit løp har.

## 8) Gjennomgang av nærskuleområda i fylkesrådmannen sitt framlegg

Under er framlegget til nærskulematrise, dvs. kommunar knytt til dei vidaregåande skulane (oversikta er vedlegg 1):

Nærskulematrise - Vestland fylkeskommune, datert 19.08.2020							
Nærskule-område	Vidaregåande skular i nærskuleområde	Kommunar	Tillegg	Nærskule-område	Vidaregåande skular i nærskuleområde	Kommunar	Tillegg
1) Sunnhordland	Bømlo, Fitjar, Rubbestadneset, Stord, Kvinnherad, Odda, Austevoll	Etne		4) Nordhordland	Austrheim, Knarvik	Alver	*Nærskulepoeng til Bergen ( Gjeld tidlegare Lindås kommune)
		Bømlo				Austrheim	
		Fitjar				Fedje	
		Sveio				Modalen	
		Stord			Masfjorden		
		Tysnes		5) Indre Sogn	Sogndal, Årdal	Vik	
		Kvinnherad	*Nærskulepoeng til Odda.			Sogndal	
Austevoll		Aurland	*Nærskulepoeng til Voss				
2) Hardanger og Voss	Odda, Voss, Voss gymnas, Kvam	Eidfjord		6) HAFS	Dale	Lærdal	
		Ullensvang				Årdal	
		Voss				Luster	
		Kvam				Luster	
		Ulvik			Solund	*Nærskulepoeng til Austrheim	
		Vaksdal	*Nærskulepoeng til Bergen		Gulen		
Samnanger			Hyllestad				
3) Stor-Bergen	Amalie skram, Arna, Bergen katedralskule, Lakesvåg og Bergen maritime, Fyllingsdalen, Nordahl Grieg, Langhaugen, Olsvikåsen, Sandsli, Slåtthaug, Stend, Tertnes, Årstad, Åsane, Askøy, Sotra, Osterøy, Austevoll, Os, Os gymnas, Fusa	Bergen	*Nærskulepoeng til Knarvik	7) Sunnfjord og Sogn	Hafstad, Mo og Øyrane, Flora, Høyanger	Sunnfjord	
		Askøy				Kinn sør	Tidlegare Flora kommune
		Øygarden				Høyanger	
		Osterøy		8) Nordfjord	Eid, Stryn, Firda, Måløy		
		Austevoll				Stad	
		Bjørnafjorden				Stryn	
						Gloppen	
						Kinn nord	Tidlegare Vågsøy kommune
						Bremanger	*Nærskulepoeng til Flora

Elevar frå kommunar merka med \* vil etter fylkesrådmannen si tilråding få nærskulepoeng også til skule/skular i anna nærskuleområde:

Elevar frå Bergen kommune får nærskulepoeng til Knarvik vgs

Elevar frå Kvinnherad kommune får nærskulepoeng til Odda vgs

Elevar frå Vaksdal og Samnanger kommunar får nærskulepoeng til skulane i Bergen

Elevar frå del av Alver kommune (tidlegare Lindås) får nærskulepoeng til skulane i Bergen

Elevar frå Gulen og Solund kommunar får nærskulepoeng til Austrheim vgs

Elevar frå Bremanger kommune får nærskulepoeng til Flora vgs

Elevar frå Aurland kommune får nærskulepoeng til Voss vgs og Voss gymnas

## Presentasjon av nærskuleområda

### Område 1 – Sunnhordland

Om lag 90 % av elevane på vg1 i desse kommunane går på ein av skulane definert til området. Elevane som går på eit tilbod på ein anna skule enn i eige område, går i stor grad på opplæringstilbod som allereie blir gitt i eige område.

Ungdomar frå Kvinnherad kommune vil ha nærskulepoeng til Odda vgs. Enkelte elevar i kommunen vil ha monaleg kortare reisetid til Odda vgs enn til andre skular i område Sunnhordland. Fylkesrådmannen vurderer det slik at det ville vore urimeleg for desse elevane å ikkje få nærskulepoeng til det som faktisk kan vere næraste skule.

### Område 2 – Voss/Hardanger

Nær alle ungdomane i kommunane i lista går på eit vg1-tilbod på næraste skule eller ein annan skule i området. Det største unnataket er ungdomar frå Vaksdal, der om lag halvparten går på ein skule på Voss og resten går på ein skule i Bergen. I tillegg er det elevar med bustadadresse i Kvam som går på ein annan skule enn i dette området.

Ungdommar frå Vaksdal og Samnanger får også nærskulepoeng til skulane i Bergen kommune. Om lag halvparten av ungdomane frå Vaksdal går i vg1 på Voss, medan den andre halvparten går på ein skule i Bergen kommune.

I underkant av halvparten av elevane frå Samanger går på vg1 på Kvam vgs, og er den enkeltskulen flest elevar går på. Det er samstundes ein større del elevar som går på ein skule i Bergen kommune. Gitt korleis kommunen geografisk er plassert, er det naturleg at elevar søker seg ulike vegar. Fylkesrådmannen vurderer det difor rimeleg at ungdomar frå kommunen får nærskulepoeng til både Voss/Hardanger og til skulane i Bergen kommune.

### Område 3 Stor-Bergen

Stor-Bergen er det største området og omfattar kommunane Bergen, Askøy, Øygarden, Osterøy, Austevoll og Bjørnafjorden. Området består av 19 skular og seks kommunar, i tillegg til delar av Alver kommune, og er det største nærskuleområdet i framlegget.

Bergen står i ei særstilling når det gjeld innbyggartal og infrastruktur, samanlikna med resten av fylket. Bergen har også folkerike omlandskommunar med tydelege eksisterande reisemønster med tanke på jobb og utdanning, og godt utarbeidde kommunikasjonsløysingar. Skuletettleik og god kommunikasjon mellom bydelane og omlandskommunane gjer at søkarane naturleg søker skule på tvers av bydelar og kommunegrensar.

Skule- og tilbodsstrukturen i stor-Bergen er historisk sett bygd opp og dimensjonert med eksisterande mobilitet som grunnlag. Kapasiteten i Bergen må difor sjåast i samheng med omlandskommunar. Det er isolert sett eit underskot på elevplassar på yrkesfag i Bergen kommune, som blir kompensert med plassar i omkringliggande kommunar. Det betyr at om ein ser Bergen kommune som eitt område, vil ein kome i ein situasjon der det både er for få elevplassar i Bergen, i tillegg til at skular i omlandskommunane mister rekrutteringsgrunnlag, og kan få eit overskot på elevplassar i yrkesfag. Tilsvarende er det stor overkapasitet i utdanningsprogrammet studiespesialisering i Bergen.

I eksisterande tilbodsstruktur tilbyr Austevoll vgs berre vg1 i utdanningsprogrammet studiespesialisering. I framlegg til inndeling av nærskuleområde er Austevoll kommune lagt til områda Sunnhordland og stor-Bergen, fordi næraste skule (utanom Austevoll vgs) er avhengig av kor i Austevoll elevane bur. I skulebruksplanen for Hordaland er Austevoll vgs definert inn under region Bergen sør, som også er i tråd med regional plan for attraktive senter, vedtatt av Hordaland fylkesting.

På bakgrunn av eksisterande reisemønster, godt utbygde kommunikasjonsløysingar, og eksisterande skule- og tilbodsstruktur, tilrår fylkesrådmannen eit utvida nærskuleområde, som vist i tabellen.

#### Område 4 – Nordhordland

Områda Nordhordland og Bergen er tett knytt saman geografisk, med godt utbygd kollektivdekning. Særleg er kommunikasjonen mellom Bergen og Knarvik god.

Det er allereie ein monaleg elevflyt mellom desse områda i dag, og fylkesrådmannen vurderer at det vil vere naturleg å sjå området tilsvarande tidlegare Lindås kommune (postnummer) saman med Bergen, slik at ungdom herifrå vil få nærskulepoeng til skular i Bergen kommune, og ungdomar frå Bergen kommune vil få nærskulepoeng til Knarvik vgs. Dette er også viktig for å sikre rekrutteringsgrunnlag og oppretthalde ein brei tilbudsstruktur ved skulen.

#### Område 5 – Indre Sogn

Med unntak av tilbod regionen ikkje har, går nær alle ungdommane frå kommunane i Indre Sogn ved Årdal eller Sogndal vidaregåande skular. Kapasiteten ved nokre utdanningsprogram kan truleg vere noko knapp, men som heilheit er det god tilpassing mellom elevtilgang og tilbod.

Mange av elevane frå Vik og Aurland bur på hybel i Sogndal. For elevane frå Vik gjer vinterstengt Vikafjell at Voss ikkje er alternativ. Delen av Aurland kommune, postnummer Gudvangen, var omfatta av Hordalandsavalen. Avtalen gav elevar frå Gudvangen i Sogn og Fjordane ungdomsrett også til skulane på Voss. Det vil opplevast som urimeleg å ikkje vidareføre denne ordninga for dei få elevane det gjeld. Bussen frå Gudvangen til Voss tek 1 time og 10 min.

Fylkesrådmannen har vurdert konsekvensane av å gi alle elevane frå Aurland kommune same rett til skulane på Voss. Dersom elevar frå heile Aurland skal kunne dagpendle til Voss må ein opprette ei ny rute på strekninga Aurland-Gudvangen. Ruta vil ta ca. 0,5 t å køyre.

Truleg vil elevar frå Aurland sentrum kunne dagpendle til Voss, men for elevar som bur oppover i dalen vert det for lang reisetid. Nærskulepoeng til skulane på Voss vil uansett gi betre heimreisetilhøve i helgane for desse elevane, særleg for dei som søker utdanningsprogram som ikkje er i nærskuleområde Indre Sogn.

Av 28 elevar frå Aurland og Flåm som skuleåret 2019/20 gjekk ved Sogndal vgs, var det kring 10 elevar som dagpendla, dei resterande budde på hybel. Elevar som reiser frå Flåm til Sogndal har ei reisetid på 1,5 time, Frå Aurland er det om lag 15 min kortare.

Alternativ dersom dei ikkje får nærskulepoeng vil vere at om dei konkurrerer seg inn til ledige plassar, vil retten til skuleskyss og behovet for ny skyssrute Aurland – Gudvangen vil bli den same.

Kostnadane ved å opprette skulerute mellom Aurland og Gudvangen vil vere 432 000 kr per skuleår.

Fylkesrådmannen rår til at elevane frå Aurland også for nærskulepoeng til dei vidaregåande skulane på Voss.

#### Område 6 – HAFS

HAFS (forkorting av Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund) og Gulen er einaste nærskuleområde med berre ein skule, Dale vgs, og for elevar frå Hyllestad, Askvoll, Fjaler er denne skulen næraste skulen. Det er også einaste skulen som reelt er nærskule for desse elevane. For elevane frå Solund og Gulen er alternativet med søking til Austerheim oppretthalde, då skyssbåt for mange er enklaste alternativ.

Dersom alle berre søker utdanningsprogram skulen har tilbod om viser erfaringane at plasstalet ved skulen vil vere underdimensjonert på vg1, men erfaringane frå tidlegare år viser at slik søking er lite sannsynleg. Lokalt og regionalt arbeids- og næringsliv sine behov for arbeidskraft og samarbeidet med skulen om praksis- og læreplassar vil truleg tene på fleire lokale søkarar.

#### Område 7 – Sunnfjord og Sogn

Dette nærskuleområdet omfattar Sunnfjord kommune, sørlege del av Kinn kommune (tidlegare Flora kommune) og Høyanger kommune.

Nye Førde vgs er under detaljplanlegging, og skulen vil i hovudsak vere dimensjonert for elevtilgangen frå Sunnfjord kommune. Utdanningsprogramma kunst, design og arkitektur og medium og kommunikasjon og naturbruk dekkjer alle eit større omland, og lokalisering av vg2 yrkesfag gir også søkarar frå andre kommunar. Mellom Førde og Florø er det i overkant av 1 times reiseveg med kollektivtransport. Det samla tilbodet ved skulane kan i stor grad dimensjonast slik at ein tek omsyn til elevtalsendringar og søkarmønster i regionen.

Høyanger vgs rekrutterer i stor grad frå Høyanger kommune. Fylkesrådmannen har vurdert det slik at Høyanger ikkje bør vere eit eige nærskuleområde, då det vil kunne gi svak utnytting av kapasiteten ved skulen, noko ein prøver å unngå. Ved å knyte Høyanger til Sunnfjord oppnår ein betre oppfylling av elevar som kan dagpendle til skulen, i motsetnad til kva som vil vere tilfelle ved å knyte Høyanger til område 5 - Indre Sogn.

#### Område 8 – Nordfjord

I skulebruksplanen for Sogn og Fjordane 2014-24 vart tilboda ved dei fire vidaregåande skulane i Nordfjord, skulane Eid, Stryn, Firda og Måløy differensierte. Målsettinga var å tilpasse tilboda til dominerande bransjar i området og for å legge til rette for fagmiljø i dei ulike utdanningsprogramma. Samla tilbyr dei fire skulane alle utdanningsprogram med unntak av kunst, design og arkitektur. Firda vgs er rein studieførebuande skule, medan dei andre er kombinerte skular.

Skulane i Nordfjord utfyller kvarandre og totalt har ein kunne tilpasse den samla tilbodskapiteten til opp- og nedgangar i elevtalet frå dei ulike grunnskulane i Nordfjordregionen.

### **9) Rett til oppflytting til neste nivå i studieførebuande utdanningsprogram**

På grunnlag av vedtak i fylkestinget (PS-sak 68/2020) femte strekpunkt, ligg det i framlegget til fylkesrådmannen at elevar i studieførebuande utdanningsprogram har rett til oppflytting ved same skule. Ein klar fordel er at opplæringsløpet blir føreseieleg for desse elevgruppene. Oppflytting frå vg1 til vg2 vil truleg opplevast som ein fordel for eit fleirtal av elevane ved at dei er sikra plass i tre år når dei først er komne inn på ein skule. Det gjer det lettare å bygge gode, stabile klassemiljø. I tillegg blir karakterpresset for elevane mindre, noko som også er nemnt i høyringssvar.

Oppflytting frå vg1 til vg2 er vidareføring av ordninga i tidlegare Hordaland.

I studieførebuande utdanningsprogram har elevane i kvart utdanningsprogram same fag på vg1, før elevane vel ulike programfag på vg2. For å få godkjente vitnemål må elevane ha tilstrekkeleg programfagstimar, og på vg3 må dei vidareføre minimum to programfag frå vg2. Fagkombinasjonen må tilfredsstillje krava for å få godkjend vitnemål. I tillegg må elevane ha eit framandspråk som fellesfag på vg2 og vg3.

Erfaringa frå Sogn og Fjordane var at det kunne by på problem med fullføring av programfag og framandspråk, dersom ein elev ikkje fekk plass på same skulen i vg2 og vg3, medan i tidlegare Hordaland var erfaringane gode med oppflytting frå vg2 til vg3.

Retten til oppflytting til neste nivå er under føresetnad av at eleven har bestått føregåande nivå.

Uttekslingselevar som tek vg2 i utlandet, kjem tilbake til vg3. Praksis i begge fylka har vore at dei kjem tilbake til skulen der dei gikk på vg1. Ved skular der mange reiser på utveksling blir det plass til andre som søker på vg2. Utfordringa kjem på vg3 når utvekslingselevane kjem att, samtidig som vg2 kanskje er fylt opp. Det er stor variasjon mellom skulane i kor mange elevar som reiser på utveksling. I Bergensområdet er det mange, fordi det er mange elevar totalt, og her er det relativt enkelt å opprette ein ekstra vg3 klasse som gir tilbod til utvekslingselevane. Elles i fylket må ein løyse dette ved den enkelte skule. Fylkesrådmannen utarbeider retningslinjer for prioritering av elevane for inntak til vg3, og gjer desse kjent for søkarane.

### **10) Oppflytting frå vg1 til vg2 i yrkesfag**

Fylkestinget bad administrasjonen legge fram forslag til korleis ein kan sikre best mogeleg rett til oppflytting i yrkesfag.

Fylkesrådmannen har vurdert spørsmålet og sett på konsekvensane av slik oppflytting. Konklusjonen er at tilbudsstrukturen i yrkesfag er så kompleks at det ikkje er mogeleg å legge til rette for at alle søkarar skal ha ein rett til oppflytting. Ingen av fylka som har nærskuleprinsipp som inntaksmodell har oppflytting, alle har karakterbasert inntak til vg2 og vg3 yrkesfag (Agder, Trøndelag, Innlandet, Vestfold og Telemark og Viken).

Gjennom eksempel frå utdanningsprogramma teknikk og industriell produksjon og helse- og oppvekstfag er problemstillinga utdjupa nærare:

Det er 24 skular i Vestland fylkeskommune som tilbyr teknikk og industriell produksjon. Det er 7 ulike programområde på vg2, med stor variasjon i kapasiteten. Vg2 brønnteknikk og vg2 bilskade, lakk og karosseri er tilbod ved berre ein skule, medan vg2 køyretøy er tilbod ved 10 skular og vg2 industrideknologi ved 19 skular.

Det er 28 skular som tilbyr helse- og oppvekstfag. Det er fem ulike programområde på vg2, også her stor variasjon i kapasiteten.

Vg2 hudpleie er tilbod berre ved ein skule, og ambulanséfag og helseservicefag ved to skular. Fem av skulane har berre vg2 helsearbeidarfag. Barne- og ungdomsarbeidarfag er tilbod ved 22 av skulane, og 26 av skulane har tilbod om helsearbeidarfag. Fem av skulane tilbyr berre vg2 helsearbeidarfag og to av skulane berre vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag.

Vg2 ambulanséfag er tilbod ved to skular, Os vgs og ved Mo og Øyrane vgs, med totalt 1,5 klassar. Programområdet har svært høge søkartal, med 150 søkarar på venteliste til 21 plassar. I inntaket hadde siste inntatte 51 poeng ved ein skule og 48,5 ved den andre skulen. Programområdet er ikkje fylkesdekkande, men rett til oppflytting vil her bli oppfatta som svært urimeleg.

Eksempel som viser problemstillingane knytt til oppflytting i yrkesfaglege utdanningsprogram:

- A. Elev frå vg1 teknikk og industriell produksjon ved Måløy vgs søker seg til vg2 køyretøy ved skulen. Det er to klassar på vg1 teknikk og industriell produksjon og ein klasse på vg2 køyretøy. Det er fleire søkarar til vg2 køyretøy frå skulen enn det er plassar. Kven har rett til oppflytting?
- B. Elev frå vg1 teknikk og industriell produksjon ved Askøy vgs søker seg til vg2 kjemiprosess ved Laksevåg og Bergen maritime vgs, som har 15 plassar. Frå Laksevåg og Bergen maritime vgs søker 15 elevar også kjemiprosess. Kven har rett til oppflytting?
- C. Elev frå vg1 helse- og oppvekstfag ved Austrheim vgs søker vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag ved Knarvik vgs. Ved Knarvik vgs er det fleire klassar på vg1 og søkartalet derfrå er større en plasstalet på vg2. Kven har rett til oppflytting?

Fylkesrådmannen konkluderer med at det ikkje er mogeleg å innføre rett til oppflytting frå vg1 i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.

Inntak etter nærskulemodellen vil gjelde til vg1, det vil vere ein konsekvens av framlegget i punkt 8 om rett til oppflytting i studieførebuande utdanningsprogram, og konklusjonen her med omsyn til karakterbasert inntak i vg2 og vg3 yrkesfag.

### **11) Inntak til vg1 idrettsfag**

Saksutgreiinga frå førre framlegg til lokal forskrift for inntak og formidling for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune (PS-sak 68/2020) ligg som vedlegg 3

Fylkesrådmannen tilrådde at fylkestinget gjorde naudsynte vedtak knytt til inntak til vg1 idrettsfag. Handlingsrommet til fylkeskommunane er å fastsette kven som har mynde til fastsette skala for tilleggspoeng. Framlegg til ordlyd, som var i tråd med ordlyden i dei to tidlegare fylkeskommunane sine lokale inntaks- og formidlingsforskrifter, var:

1. Inntil 50 % av søkarane som har vg1 idrettsfag som sitt første ønskje, kan takast inn på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettslege kriteria) i tillegg til karakterpoeng/

- konkurransespoeng (poengsum).
2. Skala for tilleggspoeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrins/klubb, blir fastsett av fylkesrådmannen.
  3. Søkarar som ønskjer tilleggspoeng, må sende inn dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane. Dokumentasjon skal sendast skulen dei har som sitt første ønskje.

Som oppfølging av dette vedtaket skulle fylkesrådmannen invitere til dialog og vidare prosess med aktuelle partar. Dette arbeidet må vere klart slik at det blir del av sak om opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22.

Fylkestinget gjorde ikkje endringar i punktet om inntak til idrettsfag og toppidrettstilbod, den 9.6.2020. Fylkesrådmannen vil eventuelt legge fram framlegg til kort- og langsiktige endringar i toppidrettstilboda i sak om opplæringstilbod for skuleåret 2021/22.

## 12) Økonomiske konsekvensar

Kostnadane knytt til drift av opplæringstilbodet er avhengig av mange faktorar. Fylkesrådmannen si vurdering er at inntaksmodellen som her vert lagt fram, i seg sjølv ikkje gir grunn til auka kostnader. Nærskuleområda er utforma ut frå søkarmønster og elevtilgang, og vil kunne gi naudsynt fleksibilitet i dimensjonering av dei ulike tilboda. Vedtak om plasstal og oppfyllingsgrad i klassane vil påverke økonomien, og fylkesrådmannen vil legge fram tilrådingar om dette i sak om opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22.

I fylkesrådmannen si tilråding er det framlegg om at tidlegare Lindås kommune også får nærskulepoeng til skulane i Bergen. Denne nærskuletildelinga vil vere etter postnummer, medan resterande tildeling er etter kommune. Det vil bli ein kostnad ved å programmere om Vigo, men desse kostnadane er ikkje konkretisert. Sidan det er mange fylkeskommunar som har valt ein nærskulemodell, reknar ein med at kostnadane kan delast på fleire.

## 13) Sluttkommentarar

Elevperspektivet har vore sentralt i val av nærskuleområde. Korleis elevane oppfattar rammene rundt vidaregåande opplæring er viktig. Dei vil høyre til eit nærskuleområde, som for alle (unntatt område 6 - HAFS) gir alternative val, samtidig som fylkeskommunen som skuleeigar vil kunne gi tryggleik for opplæring i eige nærskuleområde for den store majoriteten av elevane.

På grunnlag av erfaringar frå det første samla inntaket (med to inntaksområde) er det fylkesrådmannen si vurdering at det er behov for større grad av administrative fullmakter gjennom inntaksperioden i juli og august, slik at ein kan syte for smidigare tildeling av skuleplassar. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til kva fullmakter som er naudsynte i sak om justering av opplæringstilbodet 2021/22, våren 2021.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse.

Vurderingar og verknader

#### Økonomi:

Kostnadane knytt til drift av opplæringstilbodet er avhengig av mange faktorar. Fylkesrådmannen si vurdering er at inntaksmodellen som her vert lagt fram, i seg sjølv ikkje gir grunn til auka kostnader. Nærskuleområda er utforma ut frå søkarmønster og elevtilgang, og vil kunne gi naudsynt fleksibilitet i dimensjonering av dei ulike tilboda. Vedtak om plasstal og oppfyllingsgrad i klassane vil påverke økonomien, og fylkesrådmannen vil legge fram tilrådingar om dette i sak om opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22.

I fylkesrådmannen si tilråding er det framlegg om at tidlegare Lindås kommune også får nærskulepoeng til skulane i Bergen. Denne nærskuletildelinga vil vere etter postnummer, medan resterande tildeling er etter kommune. Det vil bli ein kostnad ved å programmere om Vigo, men desse kostnadane er ikkje konkretisert. Sidan det er mange fylkeskommunar som har valt ein nærskulemodell, reknar ein med at kostnadane kan delast på fleire.

**Klima:** Redusert elevmobilitet kan ha positive verknader på klima

**Folkehelse:** Modellen kan gi positive folkehelseeffektar ved at fleire unge får gå på skule nærmiljøet. Modellen kan vere med å utjamne sosiale ulikskapar.

**Regional planstrategi:** I tråd med regional planstrategi.

## Konklusjon

Fylkesrådmannen legg med dette fram nytt forslag til lokal forskrift for inntak og formidling i Vestland fylkeskommune. Inntaksmodellen er basert på prinsippa vedtatt i fylkestinget 8.6.2020. I tilrådinga er fylket delt inn i åtte nærskuleområde.

Fylkesrådmannen rår til at elevane i studieførebuande utdanningsprogram får rett til oppflytting til vg2 og vg3 ved same skule.



# Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune

Datert 19.08.2020

## § 1 Formål og virkeområde

- (1) Denne forskrifta gjeld inntak til alle offentlege vidaregåande skular og formidling av lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar i Vestland fylkeskommune. Forskrifta gir utfyllande reglar og kjem i tillegg til sentral forskrift, kap. 6 og 6A.

## KAPITTEL 1. INNTAK

### § 2 Inntak etter nærskuleområder

- (1) I Vestland fylkeskommune er det eit geografisk styrt inntak basert på nærskuleområder. Dette inneber at ein søkjar får nærskulepoeng til sitt nærskuleområde, ut frå folkeregistrert adresse.
- (2) Nærskulepoeng vert som hovudregel fordelt ut frå folkeregistrert adresse. Fylkeskommunen gir utfyllande reglar om kva skular og kommunar som inngår i kva nærskuleområde.
- (3) Fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar om kva tilbod som ikkje inngår som nærskuletilbod.
- (4) For søkjarar til programområde fylkeskommunen ikkje tilbyr kan fylkesrådmannen kjøpe skuleplassar i andre fylke. Dette gjeld berre søkjarar med ungdomsrett.
- (5) Søkjarar busette i enkelte grenseområde med andre fylke, vert behandla i høve til eigne avtalar mellom fylkeskommunane.
- (6) Fylkesrådmannen kan kjøpe skuleplass for søkjarar med ungdomsrett til andre fylkeskommunar etter individuell vurdering, dersom det er tungtvegande grunnar for dette.

### § 3 Inntak til Vg1

- (1) Søkjar må prioritere tre utdanningsprogram ved innsøking til Vg1. Innanfor kvart utdanningsprogram kan det prioriterast inntil seks skular.
- (2) Inntaket vert gjennomført med grunnlag i karakterane frå grunnskulen (karakterpoeng) og eventuelle nærskulepoeng.
- (3) Dersom ein søker eit utdanningsprogram/programområde som nærskuleområdet ikkje har tilbod om, får søkeren nærskulepoeng til alle skulane i fylket.
- (4) Dersom det er ledige plassar etter at søkjarar med nærskulepoeng har fått plass, konkurrerer søkjarar utan nærskulepoeng med sine karakterpoeng.
- (5) Dersom søker ikkje har nok karakterpoeng til å kome inn på nokon av ønska sine, vil søker få tilbod om plass ved andre skular som tilbyr dei ønska utdanningsprogramma.
- (6) Søkjar som ikkje fører opp tre ulike utdanningsprogram, kan bli plassert på andre utdanningsprogram.

- (7) Fylkesrådmannen kan ta inn deltidsselevar med ungdomsrett etter at fulltidsselevar med ungdomsrett er tatt inn til vidaregåande opplæring.

#### § 4 Inntak til Vg2 og Vg3

- (1) Søkjar kan prioritere inntil tre programområde på Vg2 og Vg3 som han/ho er kvalifisert til. Innanfor kvart programområde kan det prioriterast inntil seks skular.
- (2) Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterpoeng for kompetansegeivande kurs. Ved innsøking til Vg2 vert karakterar frå Vg1 lagt til grunn, og ved innsøking til Vg3 vert karakterar frå Vg2 lagt til grunn.
- (3) Søkjarar som ikkje har tilstrekkeleg karakterpoeng til å kome inn på prioriterte programområde og skule, vil bli vurdert til andre programområde som han/ho er kvalifisert til, men som ikkje er prioritert i søknaden.

#### § 5 Oppflytting Vg2 og Vg3 studieførebuande utdanningsprogram

- (1) Søkjar til Vg2 studieførebuande utdanningsprogram har rett til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført dersom ho/han har bestått i alle dei faga som er fastsette i læreplanverket på Vg1 og har søkt som fulltidsselev. Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år.
- (2) Søkjar til Vg3 studieførebuande utdanningsprogram har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført dersom ho/han har bestått i alle dei faga som er fastsette i læreplanverket på Vg2 og har søkt som fulltidsselev. Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år.

#### § 6 Inntak til Vg1 musikk, dans og drama

- (1) Inntil 50 % av søkerane til desse utdanningsprogramma kan takast inn på grunnlag av ei ferdigheitsprøve (inntaksprøve) i tillegg til karakterpoeng.
- (2) Skala for tilleggspoeng etter ferdigheitsprøve blir fastsett av fylkesrådmannen. Tilleggspoenga kjem i tillegg til karakterpoeng og eventuelle nærskulepoeng.
- (3) Det er berre søkerar som har sett opp Vg1 musikk, dans og drama (MDD) som sitt første ønskje, som kan framstille seg til ferdigheitsprøve.

#### § 7 Inntak til Vg1 idrettsfag

- (1) Inntil 50 % av søkerane som har Vg1 idrettsfag som sitt første ønskje, kan takast inn på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettslege kriterier) i tillegg til karakterpoeng og eventuelle nærskulepoeng.
- (2) Skala for tilleggspoeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrins/klubb, blir fastsett av fylkesrådmannen.
- (3) Søkjarar som ønskjer tilleggspoeng, må sende inn dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane. Dokumentasjon skal sendast skulen dei har som sitt første ønskje.

## § 8 Inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod

- (1) Søkjarane til landslinjer og landsdekkande tilbod skal registrere søknaden i heimfylket. Søkjarar frå heile landet konkurrerer likt ved inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod. Inntaket skjer på grunnlag av karakterpoeng.

## § 9 Inntak til statlege vidaregåande skular

- (1) Søkjarar frå Vestland kan søkje statlege vidaregåande skular på linje med søkjarar frå andre fylke. Inntaket vert gjennomført på bakgrunn av karakterpoeng.

## § 10 Inntak til yrkesfaglege utdanningsløp som leiar fram til yrkes- og studiekompetanse

- (1) Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterpoeng og intervju i bedrift. Søkjarar må ha avtale med skulen om læreplass i bedrift.

## § 11 Inntak av elevar med rett til spesialundervisning og som har sterkt nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne

- (1) Fylkesrådmannen avgjer etter søknad om det ligg føre tungtvegande grunnar for at ein søkjar som oppfyller vilkåra i forskrift til opplæringslova § 6-17, kan takast inn til ein bestemt skule, sjølv om søkjaren ikkje har tilstrekkelege karakterpoeng til å kome inn på skulen.

## § 12 Permisjon frå vidaregåande opplæring

- (1) Elevar som har ungdomsrett og som har teke i mot skuleplass, men må seie ifrå seg plassen i løpet av skuleåret pga. t.d. langvarig sjukdom, svangerskap, militærtjeneste eller andre sosiale grunnar, kan søke om permisjon frå vidaregåande opplæring. Dersom permisjon blir innvilga, vil eleven ikkje bruke av retten til vidaregåande opplæring, jf. forskrift til opplæringslova § 6-3, 2. ledd. Eleven vil kunne få reservert skuleplassen til året etter ved same skule og tilbod. Det vert teke atterhald om endringar i tilbodsstrukturen.
- (2) Denne føresegna gjeld berre for offentlege skular.

## § 13 Inntak av norske utvekslingselevar

- (1) Norske søkjarar med ungdomsrett som er utvekslingselevar ved ein skule i utlandet, skal takast inn på individuelt grunnlag.
- (2) Fylkesrådmannen kan gi utfyllande reglar i eige rundskriv.

## § 14 Inntak av deltidselevar til Vg2/Vg3

- (1) Elevar som ikkje oppfyller vilkåra i forskrift til opplæringslova § 6-28 eller § 6-37, kan i særlege tilfelle likevel takast inn som deltidselevar.
- (2) Fylkesrådmannen tek inn deltidselevar.
- (3) Inntak av deltidselevar skjer etter at fulltidselevar er tekne inn.
- (4) Deltidselevar med ungdomsrett vil bli tatt inn før deltidselevar utan ungdomsrett. Ved ledige plassar kan også søkjarar utan ungdomsrett få inntak.

## § 15 Omval og å ta fag på nytt

- (1) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde ledd og har halvårsvurdering i fellesfag, kan avtale med skulen at dei ikkje vil ta faget på Vg1 på nytt. For å kvalifisere til vitnemål, må dei ta faget på Vg2.
- (2) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde ledd og har standpunktkarakter i fellesfag, kan søke om å få faget godkjent etter forskrift til opplæringslova § 1-16 dersom dei vil behalde standpunktkarakteren og ikkje ta faget på nytt.
- (3) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 3-1 fjerde ledd og har standpunktkarakter i fellesfag, kan velje å ta faget på nytt, jf. forskrift til opplæringslova § 3-17a tredje ledd. Tek eleven faget på nytt skal den siste karakteren som er 2 eller betre først på vitnemålet eller kompetansebeviset, jf. forskrift til opplæringslova § 3-46 femte ledd. Dersom eleven ombestemmer seg i løpet av skuleåret, må eleven slutte i faget før 1. november for å behalde den første standpunktkarakteren.

## § 16 Søknadsfrist

- (1) Søknadsfristen er 1. februar for søkjarar som fell inn under forskrift til opplæringslova § 6-8 første ledd, og 1. mars for elevar som søker seg inn i det ordinære inntaket, jf. forskrift til opplæringslova § 6-8 andre ledd.
- (2) Søknader frå søkjarar med ungdomsrett som kjem inn etter søknadsfrist, vil berre bli behandla i den utstrekning det er mogleg, jf. forskrift til opplæringslova § 6-8 fjerde ledd. Det er fylkesrådmannen som avgjer dette. I den utstrekning det ikkje er mogleg å behandle søknaden, vil søknaden bli avvist og melding sendt søker.
- (3) Inntak i samarbeid med oppfølgingstenesta kan skje uavhengig av fristane som er nemnde ovanfor.

## § 17 Flytting

- (1) For å bli vurdert for rett til inntak til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune må flytting vere meldt til folkeregisteret innan 1. mars.
- (2) Søklarar som flytter til Vestland fylke etter 1. mars, kan bli vurdert for rett til inntak til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune dersom det ligg føre særlege årsaker. Søklarar som flytter til Vestland fylke saman med familien sin kjem inn under omgrepet særlege årsaker.
- (3) Dokumentasjon om planlagt flytting må sendast til Vestland fylke innan 23. juni for at søknaden skal kome med i første inntakssomgang.

## § 18 Bruk av retten til vidaregåande opplæring

- (1) Søklar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring (ungdomsrett) brukar ikkje av retten dersom opplæringa utgjer 1/3 eller mindre av timetalet frå eit utdanningsprogram eller eit programområde, jf. forskrift til opplæringslova § 6-3 1. ledd.
- (2) Elevar (fulltidslevar) brukar ikkje av retten sin dersom eleven sluttar før 1. november.
- (3) Elevar som går over frå grunnkompetanse til full kompetanse kan etter søknad få utvida retten til vidaregåande opplæring med inntil to år.

## § 19 Frammøte første skuledag

- (1) Elevar må møte på skulen første skuledag.
- (2) Dersom ein elev blir borte frå skulen første skuledag utan gyldig grunn, misser vedkomande skuleplassen.
- (3) Ved sjukdom eller andre tvingande grunnar pliktar eleven å gje beskjed til skulen snarast mogleg og seinast innan oppmøtetidspunkt første skuledag om at vedkomande ikkje kan møte. Fråværet må dokumenterast.

## § 20 Rektor sin rett til inntak av elevar

- (1) Rektor har ikkje rett til å ta inn elevar før fylkesrådmannen sitt inntaksarbeid er avslutta, eller at dette på annan måte er delegert.
- (2) Etter at fylkesrådmannen har avslutta inntaksarbeidet vert ansvaret for vidare inntak delegert til rektor. Rektor skal følgje ventelistene som er utarbeidd frå fylkesrådmannen fram til utgangen av august. Frå 1. september vert inntaket rekna som avslutta.
- (3) Når alle søkjarar med ungdomsrett på venteliste har fått tilbod om skuleplass, kan rektor gi tilbod til søkjarar etter følgjande prioritering:
  1. Søkjarar med ungdomsrett som ikkje står på venteliste
  2. Søkjarar med vaksenrett som står på venteliste
  3. Søkjarar med vaksenrett som ikkje står på venteliste
  4. Søkjarar med fullføringsrett som står på venteliste
  5. Søkjarar med fullføringsrett som ikkje står på venteliste
  6. Søkjarar utan rett som er busett i Vestland fylke kan takast inn etter at alle søkjarar med rett til utdanning har fått tilbod, og det framleis er ledige plassar.

## KAPITTEL 2 INNTAK TIL IB

### § 21 Vilkår for inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB)

- (1) Vilkår for inntak til Vg1 pre-IB er at søkjaren har fullført norsk grunnskole eller tilsvarande. Sjå reglane i forskrift til opplæringslova § 6-13 for kva som reknast som tilsvarande og korleis det kan dokumenterast.
- (2) For å kvalifisere til inntak til pre-IB må søkjaren ha minst karakteren 4 i matematikk og engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5.

### § 22 Rekkefølge ved inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB)

- (1) Dersom det melder seg fleire søkjarar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordelast etter poengsum utrekna på grunnlag av forskrift til opplæringslova § 6-21. Karakterar frå andre utdanningssystem med annan karakterskala vert rekna om etter ei lineær omrekning, der karakterane frå anna karaktersystem vert vekta mot norsk karakterskala.

### § 23 Inntak til IB Diploma Programme

- (1) Vilkår for inntak til IB Diploma Programme er at søkjaren har bestått Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB), Vg1 studiespesialiserande, MYP 5/Grade 10 frå IB eller tilsvarande.

- (2) For å kvalifisere til inntak til IB Diploma Programme må søkeren ha minst karakteren 4 i matematikk og 5 i engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5.
- (3) Søkjere kan verte bedne om å ta ein opptaksprøve dersom det er uklårt om søkeren er kvalifisert.

#### § 24 Inntak til 3IB

- (1) IB Diploma Programme er eit kurs over to år med 2IB og 3IB. Det er ikkje ordinært opptak til 3IB, og elevar som er tekne inn på 2IB, kan fortsetta på 3IB. Elevar frå andre IB Diploma Programme «transfer-students» kan søkje inntak til 3IB. Avgjerd om inntak vert teken etter individuell vurdering, der karakternivå og fagsamansetning er sentrale moment.

#### § 25 Søknadsfrist til IB

- (1) Søknadsfristen er 1. mars. For søkjere som flyttar til Hordaland etter søknadsfristen, gjeld reglane i § 16.

#### § 26 Søknad til IB

- (1) Søknad skal sendast gjennom VIGO. Søkjere som ikkje kan søkje gjennom VIGO, nyttar eige søknadsskjema.

### KAPITTEL 3 FORMIDLING

#### § 27 Søknad om formidling av læreplass

- (1) Fristen for å søkje formidling til læreplass er 1. februar for lærekandidatar og 1. mars for lærlingar, jf. forskrift til opplæringslova § 6A-4.
- (2) Søknader frå søkjere med ungdomsrett vil etter søknadsfristen bli behandla manuelt så langt råd er. Søknaden skal grunngjevast. I den utstrekning det ikkje er mogleg å behandle søknaden, vil søknaden bli avvist og melding sendt søker.
- (3) Søknader frå søkjere utan rett vert ikkje handsama av fylkesrådmannen etter søknadsfristen. Søker skal ha skriftleg melding om å kontakte aktuelle bedrifter direkte.

#### § 28 Formidling

- (1) Alle søkjere vert formidla til lærebedrifter når søknadsfristen har gått ut. Etter 1. august vert søkjere som ikkje har ungdomsrett og søkjere med ungdomsrett som ikkje er kvalifiserte bli tekne ut av formidlingslistene.
- (2) For å vere kvalifisert må søkeren ha bestått fellesfag og programfag på Vg1 og Vg2, eller ha karakteren 1 i inntil to fellesfag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-51

#### § 29 Alternativ sluttopplæring Vg3 i skule

- (1) Søkjere som ikkje har fått læreplass innan 1. september vil få tilbod om Vg3 i skule. Tilbod om Vg3 i skule vert gitt i eit fag på Vg3 som byggjer på det programområdet på Vg2 som søkeren har gjennomført.
- (2) Søkeren må vere kvalifisert til å framstille seg til fag- eller sveineprøve. Dette betyr at søkeren må ha bestått fellesfag og programfag på Vg1 og Vg2, eller ha karakteren 1 i inntil to fellesfag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-51

- (3) Søkjarar som har takka nei til tilbod om læreplass, har ikkje rett til tilbod om alternativ sluttopplæring Vg3 i skule.

### § 30 Bruk av retten til vidaregåande opplæring

- (1) Bruk av rett tek utgangspunkt i forskrift til opplæringslova § 6-3. Som hovudregel (2+2-modellen) har ikkje lærlingar og lærekandidatar brukt av retten sin dersom dei sluttar innan 6 månader etter at lærekontrakt/opplæringskontrakt er inngått.
- (2) Etter 6 månader opplæring i bedrift har lærlingen/lærekandidaten brukt av retten sin. Desse 6 månadene treng ikkje vere samanhengande i ei lærebedrift.
- (3) Ved andre modellar i fagopplæringa skal læretida reknast ut individuelt.
- (4) Fylkesrådmannen avgjer når retten er brukt opp etter dei ulike modellane for fagopplæring.

## KAPITTEL 4 FELLES FØRESEGNER

### § 31 Mindre endringar i forskrifta

- (1) Fylkesrådmannen har rett til å gjennomføre mindre endringar i forskrifta.
- (2) Dersom endringane er av ein slik art at dei påverkar elevane sine vilkår for inntak til bestemte tilbod, skal likevel endringane behandlast politisk.

### § 32 Delegering av ansvar

- (1) Fylkesrådmannen har mynde til å delegerare ansvar i denne forskrifta.

### § 33 Ikraftsetjing

- (1) Forskrifta tek til å gjelde 1. januar 2021. Samtidig vert forskrift 23. mai 2019 nr. 2152 om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Vestland fylkeskommune oppheva.

Utdrag frå førre framlegg til lokal forskrift for inntak og formidling for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune: (PS-sak 68/2020)

### **§ 7 Inntak til vg1 idrettsfag -ordningar for toppidrettsutøvarar og potensielle toppidrettsutøvarar.**

I høyringssaka gjorde ein greie for tilboda for toppidrettsutøvarar og potensielle toppidrettsutøvarar i dei to tidlegare fylkeskommunane.

Det har kome tre innspel til høyringa frå Norges padlerforbund, Vestland Idrettskrets, og Olympiatoppen Vest. Høyringsuttalane frå idrettskrinsen og Olympiatoppen syner til resultatane av ordningane og viktigheita av å vidareføre gjeldande tilbod i Vestland fylkeskommune.

Innhaldet i tilboda i dei to tidlegare fylka var ulikt. I tidelegare Hordaland var nemninga tilbod til toppidrettsutøvarar, medan det i tidlegare Sogn og Fjordane var tilbod til potensielle toppidrettsutøvarar. Toppidrettstilboda ved Tertnes og Voss vidaregåande skular er kjent for dei fleste med interesse for idrett.

I tillegg har det vore stor forskjell i utveljings- og inntaksprosessane. I Hordaland har inntaksprosessen til toppidrettstilboda vore i tett samarbeid med Olympiatoppen Vest. Søkarar som vart godkjente av Olympiatoppen Vest har fått reservert plass i inntaket. Inntaket til toppidrettstilbodet har vore for eitt år om gangen.

I Sogn og Fjordane er det Sogn og Fjordane idrettskrins som har vurdert dei idrettsfaglege prestasjonane, i samråd med aktuell særkrins/region. Idrettskrinsen si vurdering har gitt grunnlag for deltaking i det særskilte idrettstilbodet, men berre dersom søkeren konkurrerte seg inn i inntaket på ordinært vis. Ingen fekk reserverte plassar.

Det var endringa i § 6 i forskrift til opplæringslova som trådte i kraft september 2013, at høve til å gje reserverte plassar vart stramma inn. Før endringa fekk også søkarar i Sogn og Fjordane reserverte plassar, dersom idrettskrinsen fann dei idrettsfaglege kvalifiserte.

Når Vestland fylkeskommune no skal vedta lokal inntaks- og formidlingsforskrift er det vanskeleg å tilrå ordningar som er i strid med sentral forskrift. For tilbod til idrettsutøvarar, både potensielle og definerte toppidrettsutøvarar må rammene i den sentrale forskrifta vere grunnlag for lokal forskrift. I sentral forskrift § 6-11 Særlege reglar om inntak til einskilde utdanningsprogram mv første ledd, står:

For inntak til utdanningsprogram for musikk, dans, drama og utdanningsprogram for idrettsfag i Vg1 kan fylkeskommunen fastsetje særlege reglar i den lokale forskrifta om inntak. Fylkeskommunane kan fastsetje at inntil 50 prosent av plassane i desse utdanningsprogramma kan tildelast på grunnlag av dokumentasjon av ferdigheit eller eventuell inntaksprøve, i tillegg til poeng rekna ut på grunnlag av karakterar.

Paragrafen er uttømmende på kva utdanningsprogram det er høve til å tildele plassar på grunnlag av ferdigheitsprøve i, og til kva nivå. Toppidrettstilbodet ved Tertnes vgs slik inntaket praktiserast no er i strid med sentral forskrift på to punkt:

- Det er ikkje høve til tildele poeng på grunnlag av dokumentasjon av ferdigheit eller eventuell inntaksprøve til vg1 studiespesialisering.
- Det er ikkje høve til å reservere plass for søkarar, anna enn det som går fram av paragrafane i sentral forskrift som omhandlar søkarar med fortrinnsrett eller



søkarar som av andre grunnar har behov for individuell handsaming (§ 6-15 og utover)

Toppidrettstilbodet ved Voss gymnas er knytt til utdanningsprogrammet idrettsfag, kan vere i strid med kulepunkt to. Ut frå § 6-11 må minimum halvparten av søkarane til vg1 idrettsfag få konkurrere på karakterane sine. Ved Voss gymnas er det 0,5 klasse ordinær idrettsfag og 0,5 klasse toppidrettsfag. Fylkesrådmannen vurderer at det samla tilbodet skulen har på idrettsfag gjer at inntil halvparten då bli tatt inn på idrettsfaglege prestasjonar, og med det innafor rammene i sentral forskrift

Det er mogeleg å knyte tilbodet som no er ved Tertnes vgs til utdanningsprogrammet idrettsfag i staden for studiespesialisering, men reserverte plassar er det ikkje heimel for. Idrettsfag er ikkje tilbod ved Tertnes vgs i dagens tilbodsstruktur.

Eit ev. vedtak om rett til vg2 og vg3 ved same skule, i alle studieførebuande utdanningsprogram, vil ikkje bli ramma av avgrensinga i den sentrale forskrifta, då det ikkje vil vere toppidretten som er grunnlaget for oppflytting til neste nivå, men generell rett for alle elevane i studieførebuande utdanningsprogram .

### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Konsekvensane av rammene i sentral forskrift vil vere at ein må tenke nytt og kanskje annleis omkring toppidrettstilbodet. Fylkesrådmannen meiner det er grunn til å drøfte om satsinga på toppidrett skal eller kan organiserast på anna måte enn gjennom så sterk medverknad frå Olympiatoppen Vest som i dag. Toppidrettstilbodet er svært kostbart, er for få elevar og samarbeidet gjev i liten grad ringverknader til andre idrettstilbod i fylkeskommunen. Mange av dei vidaregåande skulane gjev gode tilbod innanfor rammene av programfaget toppidrett. Tilboda for potensielle toppidrettsutøvarar i nordfylket er i tråd med gjeldande forskrift og er mindre kostnadskrevjande. Det er budsjettert med 8,5 mill. kr årleg til toppidrettstilbod i regi av Olympiatoppen- Vest og 0,750 mill. kr til spissa idrettstilbod til potensielle toppidrettsutøvarar.

Fylkesrådmannen si vurdering er at vi må drøfte den samla satsinga på tilbod til elevar som ønsker å kombinere vidaregåande opplæring med satsing på idretten sin, og gje likeverdige tilbod i sør- og nordfylket.

Både Olympiatoppen Vest og Vestland idrettskrets ønsker ein dialog med fylkeskommunen om toppidrettssatsinga. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å først få på plass dei ytre rammene, det som skal forskriftsfestast, slik at handlingsrommet i ein dialog er avklara.

### **Fylkesrådmannen si tilråding**

Fylkesrådmannen tilrår at ein no gjer nødvendig vedtak knytt til inntak til vg1 idrettsfag. Handlingsrommet til fylkeskommunane er å fastsette kven som har mynde til fastsette skala for tilleggspoeng. Framlegg til ordlyd:

1. Inntil 50 % av søkjarane som har vg1 idrettsfag som sitt første ønskje, kan takast inn på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettslege kriterier) i tillegg til karakterpoeng/ konkurransepoeng (poengsum).
2. Skala for tilleggspoeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrins/klubb, blir fastsett av fylkesrådmannen.
3. Søkjarar som ønskjer tilleggspoeng, må sende inn dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane. Dokumentasjon skal sendast skulen dei har som sitt første ønskje.

Framlegget til vedtak er i tråd med ordlyden i dei to tidlegare fylkeskommunane sine lokale inntaks- og formidlingsforskrifter.

Søkarane til skuleåret 2020/21 har søkt på grunnlag av eksisterande tilbod og ordningar, det vil vere urimeleg å endre føresetnadane for kommande skuleår.

Som oppfølging av dette vedtaket vil fylkesrådmannen invitere til dialog og vidare prosess med aktuelle partar. Dette arbeidet må vere klart slik at det blir del av sak om opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22.

Nærskulematrise -Vestland fylkeskommune, datert 19.08.2020							
Nærskule-område	Vidaregåande skular i nærskuleområde	Kommunar	Tillegg	Nærskule-område	Vidaregåande skular i nærskuleområde	Kommunar	Tillegg
1) Sunnhordland	Bømlo, Fitjar, Rubbestadneset, Stord, Kvinnherad, Odda, Austevoll	Etne		4) Nordhordland	Austrheim, Knarvik	Alver	*Nærskulepoeng til Bergen ( Gjeld tidlegare Lindås kommune)
		Bømlo				Austrheim	
		Fitjar				Fedje	
		Sveio				Modalen	
		Stord		Masfjorden			
		Tysnes		5) Indre Sogn	Sogndal, Årdal	Vik	
		Kvinnherad	*Nærskulepoeng til Odda.			Sogndal	
Austevoll			Aurland	*Nærskulepoeng til Voss			
2) Hardanger og Voss	Odda, Voss, Voss gymnas, Kvam	Eidfjord		6) HAFS	Dale	Lærdal	
		Ullensvang				Årdal	
		Voss				Luster	
		Kvam				Luster	
		Ulvik		7) Sunnfjord og Sogn	Hafstad, Mo og Øyrane, Flora, Høyanger	Sunnfjord	
		Vaksdal	*Nærskulepoeng til Bergen			Kinn sør	Tidlegare Flora kommune
Samnanger			Høyanger				
3) Stor-Bergen	Amalie skram, Arna, Bergen katedralskule, Lakesvåg og Bergen maritime, Fyllingsdalen, Nordahl Grieg, Langhaugen, Olsvikåsen, Sandsli, Slåtthaug, Stend, Tertnes, Årstad, Åsane, Askøy, Sotra, Osterøy, Austevoll, Os, Os gymnas, Fusa	Bergen	*Nærskulepoeng til Knarvik	8) Nordfjord	Eid, Stryn, Firda, Måløy	Stad	
		Askøy					
		Øygarden				Gloppen	
		Osterøy					
		Austevoll			Kinn nord	Tidlegare Vågsøy kommune	
		Bjørnafjorden			Bremanger	*Nærskulepoeng til Flora	

Elevar frå kommunar merka med \* får, i fylkesrådmannen si tilråding, nærskulepoeng også til skule/skular i anna nærskuleområde:

Elevar frå Bergen kommune får nærskulepoeng til Knarvik vgs

Elevar frå Kvinnherad kommune får nærskulepoeng til Odda vgs

Elevar frå Vaksdal og Samnanger kommunar får nærskulepoeng til skulane i Bergen

Elevar frå del av Alver kommune (tidlegare Lindås) får nærskulepoeng til skulane i Bergen

Elevar frå Gulen og Solund kommunar får nærskulepoeng til Austrheim vgs

Elevar frå Bremanger kommune får nærskulepoeng til Flora vgs

Elevar frå Aurland kommune får nærskulepoeng til Voss vgs og Voss gymnas